



# KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 3 - DESEMBER 2011

16. ÅRGANG



*Det lyser i stille grender...*

Fiksdal kyrkje i vinterdrakt

*Foto: Arne Nakken*



# Advent – Herren kommer!

av Signe Hellevik

Adventstida er full av forventing og forberelse. Mange skal gjøres, og mange skal være i orden før jul. Det kan være stressende og slitsomt, men julekvelden og juledagene ligger der framme som noe fint og godt, dager de fleste ser fram til og gleder seg til.


Slik er det også i kirkens år. Advent er tida for forberedelse og forventning fram mot den store julehøgtida. Navnet advent kommer av det latinske *Adventus Domini* som betyr Herrens ankomst eller komme. Advent har vært feiert i kirken i en eller annen form siden 500-tallet. Adventstida har variert i lengde, men etter hvert ble det vanlig med fire adventsøndager.

Adventstida har et visst botspreng, som en slags fastetid før jul. Men til forskjell fra fastetida før påske, er det forberedelsen og forventningen som er det sentrale i adventstida, blanda med en stille glede.

Det gjenspeiler seg i kirkeårsfargen som er fiolett, en blanding av rødt og blått, kjærlighetens og troens farge. Den fiolette fargen minner oss om troen som tar imot Guds kjærlighetsgave.

Herrens komme er tema for alle de fire adventsøndagene. Det handler om at Herren kom en gang i fortida, at han stadig kommer til oss her og nå, og at han skal komme igjen en gang i framtidia. Første søndag i advent er kirkens nyttårsdag. Det nye kirkeåret begynner med fortellingen om Jesus som rir inn i Jerusalem som konge, og om nådeåret fra Herren. Det er glede og forventning over inngangen til det nye kirkeåret.

Den andre adventsøndagen har fokus på forventningen om at Jesus skal komme igjen, mens tredje søndag i advent har et klart botspreng. Det er dagen for åndelig storreingjøring før julehøgtida.



Når det fjerde lyset tennes, feirer vi gledens søndag. Det er naturlig å glede seg fordi det snart er jul, men adventsleden denne søndagen er først og fremst knyttet til at Herren er nær, nå og i all framtid.

De fire lysa i adventstakten peker fram mot jul. For hver søndag skinner lyset sterkere og sterkere fram til vi feirer dagen da Jesus ble født, han som er lyset for verden.

## Jule- og nyttårsfester i Tresfjord og Vike

Julefest i Tresfjord kyrkjestove 3.juledag kl.16.00

Nyttårsfest i Vike kyrkje 8.januar kl.16.00

Velkommen!



## KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

**Adresse:** Kyrkjekontoret  
6390 Vestnes

**Kontonummer:**  
**4056.20.62124**  
**E-post adr.:**

kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

\*

*Vi oppfordrar dei som  
måtte ha forslag til stoff  
eller noko dei vil ha med  
i Kyrkjebladet, til å ta  
kontakt med redaksjonen.  
Takk!*

## Gåve til Kyrkjebladet

Det er kjekt å få tilbakemeldingar om at mange les og set pris på Kyrkjebladet. Når det gjeld økonomien, er vi framleis avhengige av gaver frå lesarane. Vi takkar difor alle som vil gje oss ei pengestøtte slik at Kyrkjebladet kan kome ut neste år også. Bruk giroen som ligg i bladet, eller kontonummer **4056.20.62124** for di gáve.

*Ein stor takk til alle som støttar oss.*

## Advents- konsertar

11. des. Fiksdal kyrkje kl 15.00
11. des. Vike kyrkje kl 15.00
11. des. Vestnes kyrkje kl 17.00
18. des. Tresfjord kyrkje kl 19.30

## VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope mandag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Finn Arne Roaldsnes, sokneprest

Telefon: 71184234 / 90829737

E-post: finn.arne.roaldsnes@vestnes.kommune.no

Signe Hellevik, sokneprest

Telefon: 71184236 / 91123045

E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær

Telefon: 71184232

E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Toril Lillebø Nerland, Kyrkjeverje

Telefon: 71184235 / 48155034

E-post: kyrkjeverje@vestnes.kommune.no

Sigurd Moltubak, diakonileiar: Telefon: 71184237

E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor:

Telefon: 71184230 / 95270346

E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Inger Marie J. Sylte, prosjektprest 71184238

E-post: ingermjakobsen@yahoo.no

Nina Kvernmo, trusopplæringsmedarbeidar

Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

[www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)

# Fiksdal kyrkje

av Kari Nakken

*Kari Nakken har vore klokkar i Fiksdal kyrkje sidan 1989. Ho kjenner derfor kyrkja ut og inn, noko vi skjøner når vi les dette diktet. Ho tek oss med på ei vandring i den vakre, gamle trekyrkja med det fargerike og symbolfylte interiøret som er ei preike i seg sjølv. Der får vi ta mot sakramenta dåp og nattverd, der får vi ta mot velsigning og tilgjeving, der finn vi korset, vårt einaste håp, og der finn vi samlingspunktet for bygda som knyter gammal og ny tid saman.*

*Det er ei kjend sak at Kari skriv dikt, og det er ikkje første gongen vi ser dikta hennar på trykk. Ho skriv om små og store hendingar i kvar dag og fest og deler inntrykk og stemningar med lesaren.*

*Jarle Skuseth har laga teikninga av Fiksdal kyrkje som diktet er skrive over. Han er elles kjend for utarbeiding av kommunevåpen og ordførarkjede.*

Midt i bygda står kyrkja vår med tårn og spir som i farne år.  
Søndagsmorgen med klokkeklang, bøn, orgeltonar og salmesang  
helgar for Herren både høgtid og yrke  
gjev oss ord og sakrament til dagleg styrke.  
Ja, kyrkja står her så kvit og fin, vi opnar døra, kom, bli med inn.

I våpenhuset er Jakobsstigen, den skal oss minne om bønevegen.

Altertavla med Golgatadrama og himmelferd vender vårt sinn mot ei anna verd.  
Sølv og lys på alterbordet, midt i sentrum det heilage ordet.  
Snøkvit duk med kross og palmegrein, dekkjer det raude så fin og rein.  
Nattverdkalken og offerskåla, liding og siger for auga vårt måla.  
Rundt det heile går alterringen, her får vi knele og ta imot signing.  
Konfirmant og brudepar bøygde kne her framme i koret.  
På så stor ein dag dei med høgtid det gjorde.  
Ved nattverdbordet så mang ein gong, vi la framfor Herren all vår trong.  
Tilgjeving og frimod både kvinne og mann treng på ferda mot Livsens land.

Døypefonten i kyrkjekor, hit får vi kome, far og mor,  
legge dei små i Frelsarens hender, han som vegen og målet kjenner.  
Då ser vi mot krossen vårt kristne symbol, det heng der på veggen bak prekestol.  
Ave Crux Spes Unica, dei sterke orda kunstnaren sa.

Mang ei preike frå "stolen" lydde.  
Der ser vi apostelen Johannes som frå Herren bydde:  
Elsk kvarandre i gjerning og ord, då vert det betre å leve på jord.  
Guds ord er ei lykte og lys for vår fot, jamvel når livet går oss imot.  
Når gode dagar imot oss strøymer, då hjelpe oss Gud at vi ikkje deg gløymer.

På veggen til venstre Getsemane. Vår Frelsar i kamp der framfor dei tre.  
Om vener dei sovna, Guds englar dei vakte, då dødsangst og kvide vår Frelsar han smakte.  
Og så til slutt, når vi ut skal gå, etter postludium, då får vi sjå  
Kedrondalen og Golgata, med nattsvart gru over kross og grav.  
Men siste biletet gjev lys og von, takk at du sigra Guds einborne son!

Vi takkar for fedrar som kyrkja vår bygde, i tru på at Herren over verket skygde.  
Det var ikkje rikdom og overflod,  
men etter trufast slit kyrkja der stod.  
No er det vi som skal arven bere; må same truskap merket vårt vere,  
så kyrkja som vitne i bygda står, med tårn og spir som i farne år.

# Julefeiring i Etiopia - "Genna"

Presentert av Kaare Lervik

Bungula Irko som har skrive om julefeiring i Etiopia eller "Genna", det lokale namnet på juledag, tilhører den evangeliske kyrkja Mekane Yesu (der Jesus bur). Det er den kyrkja sokneråda i Fiksdal og Vestnes har som sitt misjonsprosjekt. Bungula er 37 år, er lærar og har undervist på forskjellige trinn i skulen. Han har også studert teologi. Til Noreg kom han før 1 år og 5 månader siden. På den tida har han lært seg svært godt norsk både skriftleg og munnleg. Kyrkjebladet takkar han for hans velvilje!



"Etiopia har mange forskjellige kulturer, religioner, tradisjoner og språk. Det er mer enn 80 folkegrupper og mer enn 70 forskjellige språk. Etiopias innbyggere er også mer enn 80 millioner.

Kristendom (forskjellige grupper), Islam og tradisjonell religion er majoritetsreligioner. Derfor kan religioner og tradisjoner rundt høytider også bli feiret på varierende måter. Kristendommen kom til Etiopia ca 350 år etter Kristus. Det er den ortodokse kristendommen, og den ble nasjonalreligion. Etiopias ortodokse kristne hører til den østlige kristendommen og følger den julianske kalenderen. Derfor feirer etiopierne jul den 7. januar. Selv om det er forskjellige kristne denominasjoner (kirkesamfunn) i Etiopia (katolikker, luthersk-evangeliske (protestanter), pinsevenner, baptister osv.), feirer alle jul på samme tid, men på forskjellige måter. For mange etiopiere er julefeiringen både kristen og verdslig, da religion og tradisjoner blandes. Da jeg var ung, husker jeg at unge og voksne på julafoten spilte tradisjonell "Genna hockey" og danset.

Den evangeliske kirke kom til Etiopia for 120 år siden. Det kom som følge av at mange skandinaviske misjonærer kom til landet mitt. Jeg tilhører denne kirkjen, og nå skal jeg fortelle om aktiviteter på juledag:

- Mange går i kirka. Da er det også dåp (barnedåp) og bønn.
- Det er bønn og konferanse i kirka.
- Barn og unge synger i kor.
- Vi dramatiserte Jesu fødsel.
- Det er mange lys i kirka inne og ute. Og det er en spesiell ortodoks lysfakk av tre, og vi går til kirka for å synge og danse.
- Vi lager tradisjonell mat - kyllingretter (dorowot og ingera, buddena og itto lukka) og spiser etter kirkebesøk. Tradisjonell drikke til er øl.
- Vi inviterer hverandre på juledagen og spiser sammen.
- I de fire adventsukene leser barna fra de delene av Bibelen som snakker om Jesu Kristi komme, både fra det nye og det gamle testamentet. (Isa 9:6-7; Matt. 1:23, Luk. 2:11).
- For konservative kristne er juledagen den viktigste i året, for da kom Guds sønn til Jorda fra Himmelten og bar våre synder og frelse oss.

Det er slik vi feirer jul i hjemlandet mitt, Etiopia."

## Vi gratulerer biskopen vår med 50-årsdagen!

**Biskopen i Møre,  
Ingeborg Midttømme,  
fylte 50 år 20. november 2011.**



"Biskop Ingeborg ønsker ikke personlege gaver, men vil gjerne i hove sin 50-årsdag gi økonomisk stønad til heile eller delar av kompetansehevinga til ein lærar ved Mekane Yesus Teologiske Seminar i Etiopia. Dette vil heve undervisningskompetansen til ein av lærarane i Den etiopisk evangeliske kyrkja Mekane Yesus." står det mellom anna i brev til sokneråda fra Møre bispedøme.

Om nokon ønsker å gje direkte økonomisk støtte til dette prosjektet, som både Vestnes og Fiksdal sokn støttar, kan de sette inn pengar på kto. 3980 07 09508. Merk gåva: Biskop Ingeborgs 50-årsgåve.

Audbjørg Gjerde Lippert

# Informasjon frå misjonsprosjekta i Begi, Etiopia

Av Elisabeth Petra Faksen

Den Etiopiske evangeliske kyrkja, Mekane Jesus, står ganske sterkt i Begi. Det er heller ikkje langt mellom moskeane. Mange har ikkje hørt evangeliet om Jesus Kristus og praktiserer den tradisjonelle tilbeding og ofring til "åndene".

Det Norske Misjonsselskap har arbeidd i kyrkja "Mekane Yesus" i ca. 40 år. Begi har vore, og er, eit av satsingsområda. I lange periodar har det vore uråd å arbeide der for utlendingar på grunn av krig og uro. No er den etiopiske staben i kyrkja betydeleg styrka, og det er også mange frivillige medarbeidarar.

Dei siste åra har det vore mykje fokus på å nå ut til folkegruppene Mao og Komo. Nokre av dei har byrja å gå i kyrkja, og enkelte har blitt kristne, men dei manglar skriftspråk. No har språkforskrarar blitt engasjerte og starta opp eit spennande arbeid som ein trur kan gje resultat.

Det er få frå Mao- og Komo-folka som har fått utdanning. Likevel, i 2010, lukkast kyrkja i å sende to ungdommar, Workinesh og Hika, til bibelskulen i Mendi. Dei er motiverte for studiet, og ein vonar dei vil bli gode ambassadørar for evangeliet til sitt eige folk.

Vestnes Inner Wheel var med å starte "fistulaprojektet" då eg arbeidde i Etiopia, og dei har gjort ein flott innsats. For fleire år sidan tok NMS over ansvaret. Eit betydeleg løft var det for prosjektet å få støtte frå TV-aksjonen i 2006.

Det er bygd eige hus i Begi der dei tek imot kvinner med alvorlege fødselsskadar. Her får dei nødvendig førebuing til fødselen, god omsorg, transport til sjukehus og oppfølging etter heimkomst. Dei fleste av desse kvinnene mister barnet sitt i fødselen. Sorg og liding tek glede sin plass. I tillegg vert dei vanlegvis utstøytte frå familien. I 2010 vart 45 kvinner med fødselsskadar sende frå Begi til Fistulahospitalet i Addis Abeba og opererte der. Denne behandlinga gjev den lidande kvinnen eit nytt og menneskeverdig liv.

I 2009 byrja fire engasjerte jenter på jordmorutdanning i Addis Abeba. Dei får stipend frå prosjektet. Skulen er tilknytt Fistulahospitalet. To av kvinnene er frå Begi og dei har forplikta seg på å jobbe der i minst 6 år etter utdanninga. Dei blir ferdige i 2012. På denne måten satsar ein på førebyggjande arbeid. Eg har sett på nært hold kva dette betyr.

Kyrkjelydane i Fiksdal og Vestnes har støttet desse misjonsprosjekta i mange år. Arbeidet er med på å skape tillit til Mekane Jesus-kyrkja lokalt, og toleranse og forsoning menneske imellom.

Jesus forlét skuld og set menneske fri. Han bed oss om å vise miskunn og kjærleik mot våre medmenneske. Dette er ei kjelde til glede, takk og von.

*Guds signing over arbeidet, gåvene og gjevarane!*

## Robertsen/Nyrup/Nergaard trios Juleturné 2011

*Konsert i Vestnes kyrkje med trioen 9. desember*

Simen Korsmo Robertsen - piano

Mikkel Madsen Nyrup - saxofon

Magnus Skavhaug Nergaard - kontrabass

Dette er ein trio som har spesialisert seg på ei grein av den skandinaviske jazzen, og som er opptatt av å knyte tradisjonelle julesalmar saman med denne. Trioen har ein eigen sound som drar publikum med på ei harmonisk og melodisk reise. Med utgangspunkt i julesalmar har trioen eit innhald som vil vere gjenkjenneleg for folk flest, samtidig som komposisjonane har sitt unike preg.

Dei tre musikarane har solid utdanning og bakgrunn i ulike band og sjangrar. Simen Korsmo Robertsen har fått prisar for si utøving på piano. Gjennom konsertane sine vil dei gjerne vere med og gi sitt bidrag til kulturlivet i kyrkjene.

## Førjulsstemning

**i Vestnes kyrkje  
fredag 9. desember kl.19.00**

**Julesalmar i jazzdrakt**

**med**

**Robertsen/Nyrup/Nergaard trio**

**Diktlesing ved  
Audbjørg Gjerde Lippert**

**Velkommen!**

*Sal av billettar ved inngangen  
voksen kr 150,- barn/ungdom kr 50,-*

# Ein julesalme frå Vikebukt

Av Per Bjørn Ellingseter



Finn H. Anfindsen (1888-1948) var hagebrukslærar ved Gjermundnes landbrukskule frå 1915 til 1947. Han var ein høgt respektert lærar og fagmann, men han hadde òg overskot til å engasjere seg sterkt i lagslivet i Vike. Han var ein av dei som fekk i gang idrettslaget "Samhald", og han gjekk sterkt inn for at Vike skulle få eigen gravplass.

Anfindsen hadde særleg

givnad for dikting. Mange av dikta hans vart laga til særlege høve i bygda, festar og tilskipingar av ulikt slag. Mange av dikta hans er samla i ei lita bok, "Det gror på vår jord". Der fann eg denne vakre og sangbare julesalmen:

*Eg ser deg svøypt i lin på strå  
du son frå himmelhall.*

*Eg ser deg svøypt i myrke krå  
der i den vesle stall.*

*Og ikkje vart du fagna slik  
som gavé til vår jord.  
Nei, du vart møtt med hat og svik  
og lygn og spottarord.*

*Eg ser deg som eit sendebod  
frå himmelhøgd kom ned.  
Du møtte hat med kjærleik god,  
du sjølv gav liv og fred.*

*Eg ser deg klårt kvar jolekveld  
i dagar myrk kring meg.  
Eit himmelbod – ein stjerneeld  
som syner rette veg.*

*Ja, syn du rette veg på jord,  
så kjærleik einast rår.  
og kom med von og livsens ord –  
då fred på jord vi får.*

## Deilig er jorden

Av Kari Nakken

Lars L. Bjermeland har vore kyrkjeverje i Tresfjord sidan 1970, ei lang og trufast teneste. Han fortel at frå gammalt av var det ikkje noka markering av advent i kyrkja, bortsett frå i tekstane, men etter kvart vart det tradisjon at kora i bygda song jula inn siste søndagen før høgtida. Det var heller ikkje vanleg å tenne lys på gravene slik som no. I Tresfjordkyrkja er det ein spesiell tradisjon med å strø finhakka einer på golvet i jula. Dette vert også gjort til olsokgudstenesta. Det har lenge vore Lars sin jobb å hente einer i skogen og hakke den.



Andre juledag har alltid vore Tresfjord sin dag for julegudssteneste, og då var kyrkja fullsett. Siste åra har bygda også hatt gudsteneste julafstan med stor oppslutning om den. Ein julesalme som betyr mykje for Lars, er "Deilig er

jorden". Den får sagt så mykje på få vers, og har ein melodi som løftar teksten, seier han.

*Deilig er jorden, prektig er Guds himmel  
Skjønn er sjelenes pilgrimsgang!  
Gjennom de fagre riker på jorden  
går vi til paradis med sang.*

*Tider skal komme, tider skal henrulle,  
slekt skal følge slekters gang;  
aldri forstummer tonen fra himlen  
i sjelens glade pilgrimssang.*

*Englene sang den først for markens hyrder;  
Skjønt fra sjel til sjel det lød: Fred over jorden,  
menneske, fryd deg!  
Oss er en evig Frelser født!*

# Helsing til Vestnes sokneråd

Presentert av Kaare Lervik

Den 20. september fekk Vestnes sokneråd eit hyggeleg brev, datert Ås 19. september 2011, skrive med ei vakker handskrift, og med innhald både til opplysning og inspirasjon. Soknerådet takkar Erik Aas jr. - "i si tid oppvaksen på Gjermundnes og med slektsrøter i Åsbygda" for denne helsinga. Vi er glade for å kunne få gjengi brevet i Kyrkjebladet.

Erik Aas jr. har ein svært interessant artikkel i Romsdal Sogelag sitt årsskrift frå 1993. "Eit tidsbilde frå Vestnes. Dei første krigsåra 1940 - 1942" er overskrifta og står på s. 73 i nemnte årsskrift. Absolutt verd å lese, men no kan lesarane kose seg med brevet nedanfor:

*Om to dagar er 70 år gått sidan eg vart konfirmert i Vestnes kyrkje. Det var 21. september 1941. I salmeboka mi fra den gong ligg det framleis ein liten lapp der prost Nielsen med stilig handskrift har notert namnet mitt og denne datoен.*

Om to dagar er det 70 år gått sidan eg vart konfirmert i Vestnes kyrkje. Det var 21. september 1941. I salmeboka mi fra den gong ligg det framleis ein liten lapp der prost Nielsen med stilig handskrift har notert namnet mitt og denne datoen.

Framleis er det ei glede for meg å sjå tilbake på sommaren og hausten dette året, og - ikkje minst - på forholdet som eg som 14-åring hadde til kyrkja. Sentralt her står roinga "for

presten" - fram og tilbake over fjorden frå Vike - og så den avsluttande konfirmasjons-høgtida. I ein artikkel i årsskriftet til Romsdals Sogelag 1993 oppsummerer eg temaet slik: Onsdag 17. september 1941 var siste roturen for presten, og søndagen etter var det konfirmasjon. I dagboka mi heiter det om denne dagen: "Eg var konfirmant. Presten talte svært godt om emnet "Det ene nødvendige". Det var minnegudsteneste over dei omkomne på Richard With og Barøy. Til sist minnte Nielsen oss konfirmantane om ordet "Skap i meg et rent hjerte og forny en stadig ånd inni meg". - Henvisninga til Barøy og Richard With galdt to norske passasjerskip som var torpedert av ukjente ubåtar den 13. september, - og dei mange sivile nordmenn som omkom. - Onsdagen etter, 24. september, heiter det i dagboka: "Altergang. Var i kyrkja og gjekk til alters."

Eg vonar det ikkje verkar påtengande at eg vender meg til dykk med dette vesle tilbakeblikket. Eg gjer det for å visa mi takksemld for det eg fekk oppleva den gongen frå dei som då sto for kyrkjelivet i Vestnes. Og eg gjer det for å ynskje dykk som har denne oppgåva i dag at de vil lykkast med å skape like gode minne for dagens ungdom i Vestnes, - kanskje 70 år fram i tid.

*Venleg helsing  
Erik Aas jr. – i si tid oppvaksen på Gjermundnes  
og med slektsrøter i Åsbygda*

## Vil du hjelpe til med å styrke barne- og ungdomsarbeidet i våre sokn?

Av Kaare Lervik

Dette var overskrifta på eit skriv dei fire sokneråda sende til alle husstandane i kommunen i haust, og der kunne ein mellom anna lese at *Vi vil med dette utfordre deg til å vere med på å støtte barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelydane i Vestnes gjennom den nyoppredda givartenesta*. Mykje arbeid er i gang, noko ein kan lese om i dette nummeret av kyrkjebladet, og idear til nye aktivitetar manglar heller ikkje.

Eit uttalt mål med givartenesta er å få så stor inntekt at vi kan lønne ein barne- og ungdomsarbeidar i 20% stilling, og i tillegg få nødvendige driftsmidlar. Responsen har vore god, så no er vi komne opp i om lag 70.000 kr på årsbasis. Det er veldig bra etter så kort tid, men målet er ikkje nådd. Av den grunn vil vi minne om **givartenesta**. Slike oppfordringar blir gjerne gløymt fordi ein legg skrivet vekk, men da

med tanke på å ta det att seinare. Dersom skrivet de fekk i haust er blitt borte, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret. De skal vite at dette er pengar sokneråda set stor pris på. Kontonummeret er i alle fall 9651 05 75048.



# KRIK Vestnes, ein stadig opptur!

Av Inger Marie J. Sylte

Vi har i haust hatt rundt 65 ungdommar på kvar trenings i Vestneshallen. Heile 30 nye medlemmer har kome til desse månadene etter sommaren. Annankvar fredag møtest KRIK Vestnes til ulike ballspel, leik og andakt. Her får ein møte ungdom frå heile kommunen i aldersgruppa 8. klasse og oppover.



«Hurra!! KRIK-tur er topp!!»

«Knallkjekt», «Eg storgleider meg til kvar fredagstrening» er vanlege innspel. KRIK Vestnes ønskjer å vere eit lavterskeltilbod, noko dei viser med berre å ta kr 100 i årleg medlemsavgift. Leirar som ein dreg på, er det likevel alltid ein liten eigenandel på. Denne gongen kosta det 400 kr for ein weekend. Den store bli-kjent-turen vart gjennomført helga etter haustferien. Turen gjekk til Botterlia leirstad. 42 personar vart det laga mat til, funne madrassar til, transpor-



«Korssamlinga med lys, song....»

tert og ordna program for. Mykje god mat, sosiale stunder, korssamlingar og utfordrande aktivitetar ga utslag i fleire av evalueringane: «Ei helg er for kort, kan vi ikkje neste gong vere ei heil veke på tur?» Programmet var variert. Fredagen starta med vårrull, ein kveldskos som fall i smak, etterfølgd av bli-kjentleikar. Ut på kvelden vart det ei korssamling der vi fikk høre om trua og be saman.



«Kleive Trial»

KRIK er ein sporty gjeng, så då tilbodet om nattjogging kom etter at klokka var passert 01.30, var det fleire som hang seg på. Dei fleste ville likevel berre vere sosiale. Lite søvn blei det på nesten alle, slik KRIK-turane er kjende for. Laurdagen var det duka for trial med Kleive Trialklubb, hesteriding og kajakk, noko for einkvar smak. Taco er alltid ein fast laurdagsmiddag på desse turane, og det ser ut til å glede alle. På underhaldingskvelden gjekk trivselsfaktoren i taket, og det blei nok ein gong duka for ei sosial natt, for nokon. Det var mange trøytte fjes søndagsmorgenon då alle skulle prøve å stå opp til frukost, og så vaske seg ut av leirstaden. Hjelset Bordtennisklubb var siste aktivitet på helgas program. Her stilte klubben opp med mange bord, god informasjon, kjøkken og dekka bord. Bordtennisturnering og heimelaga pizza vart eit punktum for ei kjempehelg. Fint vær, fantastiske og positive ungdomar, kjekke leiarar og ein snill bussjåfør; kan vi ønskje meir?

# DIAKONI – kva er det?

«EG SER at du er trøtt,  
Men eg kan ikkje gå alle skritta for deg.  
Du må gå de sjøl,  
Men eg ve gå de med deg.»

Den kjende visa til Bjørn Eidsvåg viser ei diakonal haldning. Kyrkja og alle menneske er kalla til å sjå sitt medmenneske med «det diakonale blikk».

Sjølve ordet diakoni tyder teneste. Vestnes kyrkjelege fellesråd har oppretta diakonistilling. Ellen Edvardsen er vår diakon. I hennar permisjonstid er Sigurd Moltubak vikar. I tillegg er det i alle sokn nedsett diakoniutval. I samarbeid med diakonen arbeider dei i tråd med nasjonal diakoniplan. Den nasjonale planen definerer diakonien i 4 område:

**Inkluderande fellesskap**

**Nestekjærlek**

**Kamp for rettferd**

**Vern om skaparverket**

I kyrkjelydane i Vestnes prøver vi å legge til rette for at alle samlingar skal vere slik at dei som kjem, kjenner seg velkomne. I tillegg inviterer vi til samlingar for einskilde grupper (unge - KRIK, eldre, asylsökjarar, menneske med psykisk utviklingshemming, sorg- og kriseramma). Opne temakveldar og turar har også vorte arrangert.

Dei som ynskjer å få besøk eller ønskjer å vere med i besøks-teneste, kan ta kontakt med diakonen. Nokre har òg behov for telefonkontakt for samtalar ved einsemde, åndelege spørsmål eller sorg og krise. Diakonen/diakonileiar kan kontaktast. Globalt er her store behov. Kirkens Nødhjelp

får vår støtte ved konfirmantane si innsamling i fastetida og elles ved akutte kriser. Kyrkja vil vere ein aktiv pådrivar i miljøspørsmål. Vår eigen biskop reiser til Sør-Afrika i samband med dei viktige klimaforhandlingane der.

Kyrkja oppmodar oss til eit bevisst forhold til eigen livsstil og forbruk, jf. handel av "rettferdige varer".



**KIRKENS NØDHJELP**  
**actalliance**

**Drivkraft og førebilde:** Skjærtorsdag kveld vaska Jesus føtene til disiplane. Han sa: Når no eg, Herren og meisteren, har vaska føtene dykker, då skyldar de òg å vaske føtene til kvarandre. Joh. 13,14-15.

Vi håper at det diakonale arbeidet som blir gjort både organisert og i det stille, skal føre til at menneske som har behov for det, skal kjenne seg sett og at dei skal merke at nokon er ved deira side, slik Bjørn Eidsvåg beskriv det.

 **815 33 300**  
**Kirkens SOS**

Diakonen/diakonileiar kan treffast på tlf. 920 86 951. Den døgnopne krisetelefonen «Kirkens SOS» er òg eit diakonalt tiltak. Tlf. 815 33 300.

*Sigurd Moltubak*

## Friluftsundervisning for konfirmantane i Vestnes

Av Bjørg Eiken

Laurdag 10. september møtte alle konfirmantane i kommunen, ca 100 stykke, til samling på Kråkneset. Konfirmantane vart delte inn i grupper, og ein voksen var leiar i kvar gruppe.

Vi starta dagen med ulike gruppeaktivitetar. Gruppene var spreidde rundt om på Kråkneset. Aktivitetane var ulike praktiske oppgåver som gruppa skulle løyse saman, og spørsmål til å samtale om, reflektere over. Opgåvane hadde fylgjande tema:

1. Samhandling og omsorg -
  - a. å samarbeide, kva kan vere lett, kva kan vere vanskeleg.
2. Om tru og tillit -
  - a. å vere avhengig av kvarandre, og å miste tilliten til nokon.

Liv - død - kjærlek - her skulle gruppa lage eit bilet som skulle illustrere liv og død om hausten.

Muren - oppleve å stå saman mot noko.

Etter at gruppeaktivitetane var over, var det matpause ved gappa-huken. Der hadde foreldre ordna med pølser og brus.

Seinare vart det taudraging mellom gruppene. Dette var ein morosam aktivitet med stor innsats frå alle gruppene.



Då aktivitetane på Kråkneset var over, gjekk vi gruppevis ei kort pilegrimsvandring opp til kyrkja. Vi stansa opp på nokre stader som kunne seie oss litt om vår vandring gjennom livet. Her vart det også tid til ettertanke på veg mot neste stopp.

I kyrkja tende alle lys og vart velsigna ved alteret av prest Signe Helllevik, medan vi song både kjende og nye salmar.

Det var ein fin dag saman med flotte konfirmantar.

# Sokneråda i Vestnes 2011 – 2015

12. september 2011 var det val av sokneråd. Ein del soknerådsmedlemmer var villige til å ta fatt på ein ny periode, men òg ein del nye folk kom til. Alle tok til i sitt tillitsverv 1.nov. og Kyrkjebladet ønskjer dei lykke til i dette viktige arbeidet for alle kyrkjelydane i kommunen.



## Fiksdal sokneråd:

Fra venstre: Asbjørn Oterhals, Anne Grethe S. Bergheim, Thor Ringsby (leiar), Sara Seljeflot, Ola Nakken og Ann Iren Aasgard.



## Vike sokneråd:

Bak frå venstre: Anna Marie Mitchell, Gro Hegdal, Kathrin Villa, Liv Gisnås (leiar). Framme frå venstre: Wenche Fiksdal Vike, Judit Aardal Smogeli (vara), Liv Randi Sæter Balstad.



## Tresfjord sokneråd:

Bak frå Venstre: Signe Hellevik, Gunnar Inge Nerbø, Randi Sylte, Berit Karin Sætre, Sølvi Flusund, Kirsti Hegvik, Ove Jan Lindset, og Benedikte Ulrich. Fra venstre framme: Svein Lodve Bjermeland, George Moen, Tore Bjermeland (leiar), Inger Marie Jakobsen Sylte.



## Vestnes sokneråd:

Framme frå venstre: Jan Håkon Fjeldheim, Ingeborg Langan Børset, Lars Sigmund Kleive, Gunn Westnes-Lindin. Bak frå venstre: Eivind Schiøtt, Sindre Taklo (leiar), John Bruseth, Finn Arne Roaldsnes, Knut Flølo.

## Kjøp gaver med verdi av Kirkens Nødhjelp:

<http://www.kirkensnadhjelp.no/>



# Bygningsarbeidar

av Kaare Lervik

I dag har ein tilgang på uendeleg med lesestoff ved å "sørfe" på Internett. Somme gonger blir ein skuffa over det ein les, andre gonger likar ein godt det som står på trykk. I sommar kom eg over ein leiarartikkkel av redaktør Anne Gustavsen i bladet "KS Publikasjonar". Denne artikkelen fall i smak hos meg. Han er ei påminning om og ei oppfordring til å engasjere seg. Gustavsen skriv om å engasjere seg "ved å delta aktivt i gudstjenestens program". Engasjement er generelt viktig på så mange område, også utanfor sjølve gudsstenesta. Dess fleire som vil vere med, og dermed vere bygningsarbeidrarar, dess meir kan vi få gjort. "KS" står for **Korsets Seier** og er knytt til pinsebevegelsen, noko innhaldet ber eit visst preg av, men dette kan gå rett inn til oss i statskyrkja også. Vi har fått lov til å bruke artikkelen "Bygningsarbeider" i Kyrkjebladet, og nedanfor er eit utdrag frå denne.

*Som menighetsmedlemmer har Gud ment at vi alle skal være med og bygge kirken.*

*Menighetsbygging er ikke forbeholdt mennesker som opplever et kall fra Gud til å plante menigheter. Enhver av oss som sier ja til å bli en del av Guds forsamling på jorden, kalles til åndelig byggeaktivitet. Bibelen er tydelig på at vi alle er levende steiner i et levende kirkebygg.*

*Bibelen sammenlikner menigheten med et legeme, der alle lemmer har sin enestående funksjon, og der alle oppgaver er like viktige for at menigheten skal fungere. Den største trusselen mot menigheten, er mennesker som opplever seg som bruker, i stedet for å være en som selv deltar i byggearbeidet for å gjøre menigheten til verdens beste sted. Man kommer til menigheten som konsument og gjest, og blir dermed sittende og vurdere om «tilbuddet» er godt nok etter vår personlige smak. En slik innstilling er fullstendig på kollisjonskurs med hva Gud har tenkt å bruke våre liv til.*


*Ta på kjeledressen. Gud har kalt deg og meg til å være bygningsarbeidere i sitt rike. Han ber oss ta på oss kjeledressen og verktøyet og brette opp ermene. Når vi opplever oss selv som en del av byggelaget, blir vårt forhold til menigheten og det som skjer der, totalt annorledes. Vi er med og skaper noe sammen!*

*Hvordan kan vi fungere som bygningsarbeidere i gudstjenesten? Ved å komme som deltaker i stedet for tilskuer. Tilskueren vurderer, deltakeren bidrar, bygger og skaper. En deltaker kommer tidlig. Han vil være på plass når nye kommer, slik at de kan føle seg ventet.*

*Sitt langt framme. Bygg en kultur der det er attraktivt å fylle opp forfra. Dermed skaper du forventning. Det er trist når de frammøtte er så labert interessert at de vil sitte lengst mulig unna der det skjer noe.*

*Skap atmosfære. Ikke sitt vurderende og vent på den gode atmosfæren. Vær med og skape den ved å delta aktivt i gudstjenestens program, hils på nye, fokuser på lovsang og undervisning. Det skaper atmosfære, tro og forventning. Snakk positivt. Omtal de andre i menigheten positivt. Vis deg som en god åndelig far eller mor for de nye generasjonene som praktiserer sin tro på nye måter.*

*Velkommen inn i Guds stab av bygningsarbeidere som vil gjøre Guds menighet til verdens beste sted å være.*



*Skap atmosfære.*



# "Frå stallen til korset"

To dikt om julen av Annbjørg Helland Sævareid

Mellan dei mange dikta om ulike sider ved kristenlivet i Annbjørg Helland Sævareid sine tre lyrikksamlingar, finn vi to dikt om julen. Desse dikta kan vere til verdifull ettertanke no i advent. Annbjørg oppheld seg ikkje berre med idyllen rundt Jesusbarnet i krybba. Ho viser vegen frå barnet på Maria sitt fang til den skuldlause mannen på korset. Fritt for tunge, teologiske uttrykk, men med kvardagslege ord, formidlar ho mysteriet om Jesu fødsel og død. Slik understrekar ho kvifor julen er ei gledehogtid for oss i dag slik den var for gjetarane på Betlehemsmarkene i si tid.

## Eit nyfødt barn

*Eit nyfødt barn som kviler  
på lysegule strå  
der himmel møter jorda,  
bli med så skal du sjå!  
Guds grenselause kjærleik.  
Hans gavé gitt til deg.  
Det aller største under.  
Her er vår redningsveg.*

*Bli med meg ut på marka  
til hyrdane sin leir.  
Me set oss ned ved bålet,  
så får me høyra meir.  
Sjå ljoset bryt no mørket.  
Ein englehær stig ned,  
med bod frå Gud om Jesus  
som kjem med evig fred.*

*Den store blanke stjerna  
er vegvisaren vår.  
Og hyrdingane fylgjer  
til stallen der ho står.  
Maria lyttar stille  
til kvart eit ord i kveld.  
Og hjarta hennar bankar  
for barnet som ho held.*

*Frå stallen og til korset  
det går ein lidingsveg.  
Om Via Dolorosa  
der gjekk Guds Son for deg.  
Her opnar han sin himmel  
og byd deg freden sin.  
Med takk for alt han gav oss  
me går no stille inn.*


## Etter jul

*Då englane var borte og songen tona ut,  
var hyrdingane fylte av helsinga frå Gud.  
Dei skunda seg mot stallen  
der Himmel steig ned,  
og fann det vesle barnet  
som kom med evig fred.*

*Eg møtte ikkje englar. Eg hørde ingen song,  
men i mitt hjarta kjende eg litt av same trong.  
Eg ville møta Jesus  
og eiga freden hans.  
Men stallen han var borte,  
og krubba utan glans.*

*Eg gjekk ei stund og leita blant halm og gule strå.  
Så fann eg han på korset. Og hør kva eg fekk sjå :  
Her tok han mine synder  
og sa at dei var hans.  
I byte tok han på meg  
si kledning og sin krans.*

*Til deg som enda leitar og lengtar etter fred,  
slik englane bar bod om då Jesus kom her ned:  
Du finn han ikkje lenger  
i krubbe eller stall,  
men lyft ditt blikk mot korset  
og hør hans milde kall.*




# "Å eg veit meg eit land"

**Elias Blix** (1836 – 1902) - en stor dikter  
Søndag 9. oktober var det livet og salmediktingen til Elias Blix som var i fokus i Tresfjord kirke. Svein Kvamsdal, sokneprest i Volda, har i mange år interessert seg for salmediktere og salmedikting. Svein Aage Falch framførte flere av salmene akkompagnert av Sissel Schiøtt. Underveis i det interessante foredraget fikk publikum også synge salmer som er kjente og kjære for mange av oss.

Av Sissel Schiøtt

"No livnar det i lundar, no lauvast det i li". Alle kjenner denne salmen, som er en av våre mest brukte, men hvem var egentlig Elias Blix? Sokneprest Svein Kvamsdal sier det slik:

"I år er det 175 år sidan Elias Blix vart fødd. Truleg den største salmeskalden som har levd i landet. Me kjenner mange av salmane hans og me syng dei - ofte utan å tenkja på at det er Blix som har skrive dei: - "No livnar det i lundar", "Med Jesus vil eg fara", "No koma Guds englar" og "Gud signe vårt dyre fedreland"- med mange fleire..."



Svein Kvamsdal.

Elias Blix er frå Gildeskål i Nordland. Han kom frå enkle kår. Ingen hadde vel trudd at han skulle verta noko anna enn det dei trudde "han var fødd til": Vera fiskar og småbrukar som alle andre der i bygda, men Elias sine

interesser hamna på heilt andre område. Det hadde sin grunn i at han var uvanleg rikt utrusta. Kapitalen hans var eit ukueleg pågangsmot og han hadde rike evner. Difor bar vegen til Christiania - til Heltbergs studentfabrikk, og deretter teologiske studiar.



Svein Åge Falch.

Prest vart han aldri, men prestelærar vart han, professor i hebraisk (semitiske språk) og professor i Det gamle testamentet. Han vart Bibelomsetjar og den fyrste kyrkjeministeren her i landet under Johan Sverdrups regjering. Han vart ihuga målmann og målreisar.

Dikta salmar var noko han dreiv med ved sida av si daglege gjerning. Salmane hans har halde seg utruleg lenge. Dei har eit levande bilespråk, er lyse, har god rytmje og fine enderim. Ofte kan me finna livet til diktaren avspeglia i salmane han skrev."



# Glimt frå trusopplæringa i våre fire sokn hausten 2011

Av Inger Marie J. Sylte

Det er ei stor glede å fortelje om eit godt oppmøtetal og mange positive tilbakemeldingar på våre tilbod. Det er grunn til å tro at trusopplæringa i våre sokn begynner å bli kjent, og at vi haustar god grøde av åra som er gått. Det tek tid å etablere nye tilbod som skal finne eit godt og stødig feste.



*"Fyrste helg i september inviterte Topp Safari alle 12-åringar i Tresfjord- og Vike sokn til overnattingstur i fjellet. Her var temaet Guds skaparverk. Litt surt ver, men likevel godt humør"*

Vi merkar at barn og unge kjem igjen og igjen til dei ulike møtestadene dei får invitasjon til, noko som gir oss som arbeider med trusopplæring, stor inspirasjon. Ekstra kjekt er det når vi får tilbakemelding frå foreldre om barn sitt ønskje om å gå til gudsteneste i «kyrkja si». Er det noko trusopplæringa i våre sokn vil få fram, så er det eit eigeforhold til den kristne tru og til den lokale kyrkja. Det som blir sådd som eit lite frø på den store dåpsdagen, skal stadig få vatn og varme som gir vekst. Det er dette trusopplæringa dreier seg om, det er dette kyrkja skal gi hjelp til. Trusopplæringa sitt mål bygg på ein tanke om at kyrkja skal vere nær.



*"Ein kjekk gjeng på 10 og 11 år frå Tresfjord fekk ein stor fangst på sin fisketur med ToppSafari"*

Når barn i Vestnes kommune veks opp og blir 18 år, skal dei kunne seie at kyrkja har vore til stades heile vegen, heilt ifrå starten, kvart år. Både laurdagsklubben i Fiksdal og KRIK Vestnes har denne hausten merka ein straum med nye barn og ungdom som møter opp jamleg. Laurdagsklubben kan melde om opp til 40 barn som kjem annankvar laurdag. Før sommaren hadde KRIK Vestnes eit fast deltakartal på

35. Etter sommaren er det meldt inn 30 nye medlemmer, og oppmøtetala er gått opp til heile 65 ungdommar på treningane. Dette er så flott!!!

Sjølv om det alltid er hyggeleg med slike opplysningar som dette, skal vi ikkje bli blenda av dei. Vi ønskjer å gi trusopplæring av kvalitet uansett tal. Vi har eit ungdomskor i Vestnes som ikkje tel mange hovud, likevel møter dei opp til song i kyrkja kvar torsdag med Sissel Schiøtt som leiar. Her får dei kome saman og synge om kristen tru, - med stor begeistring. Det same gjeld søndagskulen i Tresfjord; av og til er det tolv barn som møter opp, andre gonger er det berre to. Uansett tal blir søndagsskulen gjennomført, for dei som kjem, har stor glede av å vere der.



*"Topp Safari sin "Undretur i fjøra" for 4- og 5-åringar frå Vike- og Tresfjord sokn er alltid stas. Krabbe og skjell er fine ting som Gud har skapt, meinte deltakarane"*

Noko heilt nytt denne hausten er bruken av det nyoppussa kjellarlokalet i kyrkjekontoret. Der har det mellom anna blitt eit tilrettelagt tilbod for ungdom med ulike behov.



*"Både Vestnes- og Fiksdal sokn ga sine 4 åringer tilbod om "undretur i kyrkja" ein time før gudstenesta der dei fekk utdelt 4 års boka. Dette biletet er av 4-åringane i Fiksdal; ein flott og oppmerksam gjeng"*

Dette har vore etterlengta, så det kjennest godt med alt som kjem i gang. De forstår, trusopplæringa er i stadig utvikling, og vi kan aldri få takka nok dei frivillige som deltek for å få alt til å gå rundt: Tusen takk!! Og spesielt takk til alle barn og unge som deltek, og på den måten viser at de sett pris på arbeidet som blir gjort.

# Kjellaren på kyrkjekontoret!!!

Av Inger Marie Jakobsen Sylte

Endeleg ser vi slutten på ei lang tid med oppussing av lokal i kyrkjekjellaren vår. Anna Almenningen har stått mange, mange timer og måla og planlagt forbedringar av romma. Fleire personar har gjennom 2011 vore innom for å bidra til den merkbare endringa; dei grøne veggene er blitt lyse, og det mørke panelet er blitt kvitt. Det er utruleg kva fargeskift gjer med eit rom! Kaare Lervik er ein av dei som ikkje ga seg, men som sette seg som mål å få det grøvste unnagjort innan han skulle tre av som soknerådsleiar. Oppvaskmaskin, komfyr, stolar og bord er på plass. Nytt golv er lagt på kjøkkenet og på eit av oppholdsromma.



"Babysong med lunsj annankvar tirsdag lager koseleg liv på kyrkjekontoret"

Alt er såpass klart at vi allereie har begynt å bruke lokal så smått til stor glede for oss som arbeider her. Sissel Schiøtt har begynt å ha tilbod om babysong i det eine rommet som vi har valt å kalle musikkrommet. Ho synest det er godt å sleppe å pakke alt utstyr med seg til Frivillighetssentralen slik som tidlegare. No har ho alt på ein stad og alt lett tilgjengeleg. Deltakarane på babysongen gir positive tilbakemeldingar om at



"Sitteddansen har etablert seg godt i kjellaren med song, musikk og bibelhistorie"



"KRIK Vestnes har hatt sitt styremøte for første gong i det lille gule huset på Myra"

lokalet er godt å vere i. Då Sigurd Moltubak såg lokalet, begynte han med ein gong å tenke i dei diakonale baner. Tilboden «Sitteddans» for psykisk utviklingshemma er no flytta frå Myra kulturhus til dette kjellarlokalet. Ein fredag i oktober fekk også unge vaksne med ulike behov invitasjon til å komme til kjellaren for å høyre andakt, steike vaflar og spele spel. Vi har også gjennomført bibelgruppe for asylsøkarar, planleggingsmøte, styremøte for KRIK og soknerådsmøte. Romma nede kjem også godt med i vidareutvikling av Vestnes sokneråd sin trusopplæringsplan, der ønsket er å kunne gi eit tilbod om fredagsklubb for ungdommar. Før nyttår tek vi sikte på å få til ei styringsgruppe der ungdommar sjølve er involverte i å bygge opp dette tilboden.

Vi vil gjerne markere at vi er i mål med eit lokale som kan brukast til så mange ulike formål. Sett av laurdag 10. desember, så skal det bli duka for ei koseleg adventssamling i det nye lokalet vårt i kjellaren på kyrkjekontoret.

## Opning av vårt nye lokalet:

**LAURDAGSGRAUT I KJELLAREN  
PÅ KYRKJEKONTORET  
10. desember kl 13.00-16.00**

- Song
- Adventskos
- Loddosal
- Sal av Laurdagsgraut med saft

**Velkommen til store og små ☺**

# Gudstenester i Vestnes

(med etterhald om evt. endringar)

**18. desember 3. s. i advent**

Vestnes sjukeheim kl. 11.00

Gudsteneste med nattverd.

Tresfjord trygdeheim kl. 16.00

Gudsteneste med nattverd.

**24. desember Julaftan**

Vestnes kyrkje kl. 14.00

Familiegudsteneste. Takkoffer til Redd Barna.

Vestnes kyrkje kl. 16.00

Familiegudsteneste.

Takkoffer til Kirkens bymisjon.

Tresfjord kyrkje kl. 14.30

Familiegudsteneste.

Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet.

Vike kyrkje kl. 16.00

Familiegudsteneste.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

**25. desember, 1. juledag**

Fiksdal kyrkje kl. 12.00

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til NMS.

Vestnes kyrkje kl. 12.00

Høgtidsgudsteneste m/ nattverd.

Takkoffer til Misjonsprosjekt i Beghi.

**26. desember, 2. juledag**

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste m/ nattverd.

Takkoffer til NMS.

**08. januar Kristi op.b.dag**

Vike kyrkje kl 16.00

Julefest i kyrkja. Julespel. Takkoffer.

**15. januar 1 s. e. Kr. op.b.dag**

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer.

**22. januar 2. s. e. Kr. op.b.dag**

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste. Takkoffer.

**29. januar Vingardssøndag**

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste. Takkoffer.

**05. februar Såmannssøndag**

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer.

**12. februar. Kristi forkl.dag**

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Tårnagentgudsteneste. Takkoffer.

Tomrefjord bedehus kl. 18.00

Gudstenste. Konfirmantane deltek. Takkoffer.

**19. februar. S. før faste**

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Karnevals-gudsteneste (for alle sokn).

Takkoffer.

**22. februar Askeonsdag**

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Skriftmålgudsteneste.

**26. februar 1. s. i faste**

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer.

**04. mars 2. s. i faste**

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer.

**11. mars 3. s. i faste**

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer. Søndagsskule.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Familiegudsteneste. Utdeling CD

1. klasse. Takkoffer.

**18. mars 4. s. i faste**

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utdeling bok

1. klasse. Takkoffer.

**25. mars Maria Bodskapsdag**

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utdeling CD 2. klasse.

Takkoffer.



## Slekters gang

### Vestnes kyrkje

#### Døypete:

17.07 Sigrid Wilhelmine Skjegstad Neraas

28.08 Varg Øverås Kvamsøe

11.09 Simon Haukvik

11.09 Jonas Krogsæter

11.09 Andrea Konstanse Djupvik Roald

18.09 Sigrid Bergset Hestenes

18.09 Peder Frostad Lyngvær

01.10 IselinNerhus-Solbakken

02.10 Magnus Vollen Eide

02.10 Alice Gjerde

02.10 Evelyn Adell Karin Misund

30.10 Iben Alexandra Furland Frostad

04.12 Emil Nergård Karlsen

#### Vigde:

01.10 Silje Nerhus og

Jan Øystein Solbakken

#### Døde:

19.08 Else Marie Blø

27.08 Svein Olav Nilsen

22.08 Olav Bruaset

02.09 Asmund Per Os

08.09 Hallgerd Tomren

05.09 Roar Sæheim

09.09 Anny Grete Strømsnes

14.09 Elise Furland

24.09 Kirsten Lovise Gjerde

26.09 Jetmund Kåre Helle

06.10 Petra Aas

09.10 Sigmund Bårdsnæs

27.10 John Sævereid

19.11 Arnold Johannes Vestnes

21.11 Kari Furseth

### Fiksdal kyrkje

#### Døypete:

14.08 Mia Stokkeland

(døypt i Øygardsbukta)

28.08 Johan Aas

09.10 Oliver Havnsund Otterlei

09.10 Maximillian Ellingsen Øien

#### Døde:

26.08 Anna Petra Rekdal

08.09 Kjellaug Asta Ræstad

12.09 Ragna Gjelsten

### Tresfjord kyrkje

#### Døypete:

25.09 Edward Coldicott Dalene

25.09 Sara Edvardsen

25.09 Isak Emilian Sæther

23.10 Malin Juul

23.10 Albin Juul

23.10 Eivind Juul

23.10 Lovise Rødal Nerbø

13.11 Synne Eirin Gjelsten Vestnes

13.11 Camilla Lie

#### Døde:

10.08 Ivar Nerbø

12.09 Aslaug Forness

09.11 Georg Julius Moen

### Vike kyrkje

#### Døypete:

25.09 Sondre Emil Bø Dyrnes

#### Døde:

14.08 Even Leikarnes